

## Microsoft med XP på nynorsk

(NPK): For to år sidan måtte Microsoft bøye seg for kravet om å levere programpakka Office på nynorsk. Denne veka gratulerer selskapet Noregs Mållag med 100-årsmarkeringa ved å introdusere operativsystemet Windows XP på nynorsk, slik dei lovde i 2002.

Samstundes får brukarar av Word og Office ei ny nynorsk synonymordliste, Ordrik, som er utvikla av Nynodata. Synonymordboka skal gjere det lett å finne nynorske synonym,

og ho skal også kunne hjelpe bokmålsbrukarar til å finne nynorske omsetjingar av bokmålsord.

Nynorsk er ikkje åleine om å ha vorte inkludert i programvarepakkene til Microsoft etter pågåande klaging dei siste åra. Selskapet har for lengst avgjort at produkta deira skal omsetjast til rundt 40 språk i tillegg til dei opphavlege 40, til dømes walisisk, katalansk, bahasa og – nynorsk. (NPK)